

LÆRING I NÆRING - STILLING LEDIG

I HAUSTFERIEN OG VINTERFERIEN 2025/2026



Vil du arbeide i eit selskap som gjer verden meir berekraftig

Hydro er eit globalt aluminium og fornybar energi selskap med produksjon, marknadsføring og handelsaktiviteter i heile verdikjeda frå bauksitt, alumina og energi til framstilling av primærmetall og valsa produkt. Med base i Norge har selskapet 32 000 tilsette i meir enn 40 land.

Kraftproduksjon

Hydro Energi er ein pioner innanfor fornybar energi i Noreg, med 42 vasskraftverk og ein vindpark på Tonstad. Dei 9 kraftverka som utgjer Røldal-Suldal anlegga er ein viktig del av selskapet, bygd for å forsyne Hydros fyrste aluminiumverk på Karmøy og no med spennande planar for vidare utvikling. Hydro er fortsatt stolt operatør og på Nesflaten er me rundt 30 tilsette fordelt på Vedlikehald innan elektro, mekanisk og bygg, Prosjekt og Teknisk Støtte der det er ingeniørar, sivilingeniørar og andre som har administrative oppgåver.

HELSE MILJØ OG SIKKERHEIT, HMS

Helse Miljø og Sikkerheit, HMS er svært viktig for oss. Me har som mål at ingen skal bli skadde ved arbeid i våre anlegg. Det er difor viktig at den som skal arbeida hos oss tenkjer sikkerheit i alt arbeid som skal gjerast.

Arbeidsområde

Hjå oss vil du i lag med kjekke kollegaer få vera med på mykje forskjellig gjennom arbeidstida som er frå kl. 07:00 – 15:00. Arbeidsoppgåvene blir diverse oppgåver lokalt, innanfor ordinære vedlikehaldsoppgåver og administrative oppgåver. Dette kan vera oppgåver ute i reguleringsområdet vårt, i kraftstasjonar, i verkstadane, eller administrative oppgåver som scanning av dokumenter eller kopiering.

Me ynskjer og tilby deg jobb i «Læring i Næring» haustferie 2025 eller vinterferie 2026?

Me søker elevar som synes fornybar energi er spennande og noko dei ønskjer å læra meir om.

Bedriftsbesøk/ jobbintervju: Torsdag 18. september, kjem tilbake til logistikk

Ved spørsmål ta kontakt med Agnes Oppistov Lykkebø tlf:90751540

agnes.oppistov.lykkebo@hydro.com

Søknadsfrist 19. september

Søknad skal sendast digitalt til Næringshagen i Ryfylke på

<https://www.nhryfylke.no/teneste/rekruttering>